



DET KONGELIGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

SIVA - Selskapet for industrivekst SF
Postboks 1253 Torgarden
7462 TRONDHEIM

Deres ref

Vår ref

Dato

19/52-2

9. januar 2019

Statsbudsjettet 2019 - oppdragsbrev til Siva

1 Økonomisk ramme til disposisjon for 2019

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) gjev i dette oppdragsbrevet ramma til Siva over kap. 550, post 70, og kap. 553, post 74, og delegerer forvaltninga av ramma til Siva.

KMD viser til Prop. 1 S (2018–2019) for departementet og Innst. 16 S (2018–2019). Det er laga nye retningslinjer for forvaltninga av kap. 550, post 70, og kap. 553, post 74 (sjå vedlegg 1). Oppdragsbrevet inneheld presiseringar av dokumenta som er nemnde ovanfor.

Tabell 1. Midlar som blir stilte til disposisjon for verksemda til Siva i 2019

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kr
550	70	Bedriftsretta program i distrikta	87 979
553	74	Nasjonale tiltak for klyngjer og innovasjonsmiljø	56 801

Departementet stiller totalt 144,78 millionar kroner til disposisjon for Siva i 2019. Løyvinga dekkjer dei administrasjons- og gjennomføringskostnadene Siva har med ordningane. Andre aktivitetar som bidrar til å styrkje måloppnåinga, derunder oppfølging av innovasjonsselskapa og strategiarbeid i regionane, kan dekkast innanfor løyvinga.

Det er ikkje høve til å omdisponere mellom kapitla. Bruken av midlane skal følgje avtalte programplanar. Forslag om endringar i bruk skal avklarast med departementet i styringsdialogen.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Regionalpolitisk
avdeling

Saksbehandler
Anne-Merete
Halpern
22 24 72 66

2 Mål for Siva og andre fellesføringar frå departementa

Meld. St. 22 (2011–2012) Verktøy for vekst – om Innovasjon Norge og SIVA SF slo fast målstrukturen for Siva. KMD viser til oppdragsbrevet for 2019 frå Nærings- og fiskeridepartementet for fellesføringar, krav til rapportering m.m.

3 Oppdraget frå KMD

3.1 Regional- og distriktpolitiske mål

Målet for regional- og distriktpolitikken til regjeringa er regional balanse gjennom vekstkraft, likeverdige levkår og berekraftige regionar i heile landet. Ein berekraftig region har ei balansert samansetjing av befolkninga og forvaltar menneskelege ressursar og naturressursar for utvikling og verdiskaping no og i framtida. Dette vil leggje til rette for å halde på hovudtrekka i busetjingsmønsteret.

Regjeringa vil bidra til omstillingsevne i distrikta gjennom innsats for et verdiskapande næringsliv, inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn og tilgang til grunnleggjande private tenester. Regjeringa vil leggje til rette for omstillingsdyktige regioner. Innsatsen skal rettast mot utvikling av vel fungerande næringsmiljø og auka tilgang til relevant kompetanse i næringslivet, styrka vekst og samarbeid over landegrensene og etablering av nye arbeidsplassar i område ramma av vesentleg reduksjon i sysselsettinga. Regionalpolitikken skal leggje til rette for vekst og utvikling i heile Noreg ved at ulike delar av landet kan få mest mogleg ut av potensialet sitt. Politikken skal ta utgangspunkt i regionale moglegheiter, basert på lokal kjennskap og lokalt initiativ. Distriktpolitikken skal i tillegg jamne ut skilnader mellom område (også internt i regionane) ved å kompensere for ulemper ved geografisk plassering, slik som reiseavstand og små marknader. For distriktpolitikken står målet om likeverdige levkår også sentralt.

Fylkeskommunane, Siva, Noregs Forskingsråd og Innovasjon Noreg har ei sentral rolle i arbeidet med å realisere desse måla.

3.2. Samarbeid med andre nasjonale aktørar og med fylkeskommunane og kommunane

Fylkeskommunane har ei sentral rolle som regional samfunnsutviklar. Siva skal samarbeide med fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og Forskingsrådet om dei regionale måla og strategiane for næringsutvikling. Eit godt og konstruktivt samarbeid med fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og Forskingsrådet m.fl. vil føre til at ein på ein god måte kan nå måla for regional- og distriktpolitikken. Samarbeidet skal gje ei klar arbeidsdeling mellom dei ulike aktørane, og skape ein god regional infrastruktur for innovasjon. Departementet viser til avtalane som er inngått mellom fylkeskommunar og verkemiddelaktørane på fylkesnivå.

3.3 Nærare om oppdraget frå KMD

Hovudmål 1: Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta

Delmål 1.1 Eit verdiskapande næringsliv i område med spreidd busetjing og store avstandar

Kap. 550, post 70 Bedriftsretta program i distrikta

Departementet tildeler næringshageprogrammet 87,979 millionar kroner over kap. 550, post 70. Innsatsen skal bidra til delmål 1.1, eit verdiskapande næringsliv i område med spreidd busetjing og store avstandar.

Målet for næringshageprogrammet er å bidra til auka verdiskaping, i hovudsak i verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte¹. Det er eit mål at alle næringshagane skal ha målbedrifter innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte. Midlane skal nyttast i samsvar med programplanen for næringshageprogrammet, og vere tilpassa dei årlege økonomiske rammene for programmet.

Hovudmål 2: Omstillingsdyktige regionar

Delmål 2.1 vel fungerande næringsmiljø og tilgang på relevant kompetanse

Kap. 553, post 74 Nasjonale tiltak for klyngjer og innovasjonsmiljø

Departementet tildeler 56,801 millionar kroner til inkubasjonsprogrammet over kap. 553, post 74. Innsatsen skal bidra til delmål 2.1, vel fungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse.

Målet med inkubasjonsprogrammet er auka nasjonal verdiskaping. Midlane skal nyttast i samsvar med programplanen for inkubasjonsprogrammet og vere tilpassa dei årlege økonomiske rammene for programmet.

4 Administrative føringar

Departementet viser til dei administrative føringane i oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet til Siva for 2019 og retningslinjene. Felles rapporteringskalender for 2019 er lagt ved oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet. Siva skal rapportere til departementet i tråd med vedlegg 3 til dette brevet.

4.1 Samarbeid med fylkeskommunane

Siva må ha ein god dialog med fylkeskommunane om styring, utvikling og tilskot til næringshagane og inkubatorane. Siva skal gjennom denne dialogen bidra til at eventuelle tilskot frå fylkeskommunane, til program i regi av Siva, er i tråd med reglane for offentleg støtte. Siva skal ta imot kopi av alle tilskotsbrev som gjeld næringshagar og inkubatorar frå fylkeskommunane. Siva skal rapportere all støtte som blir gitt innanfor dei notifikerte

¹ Verkeområdet for distriktpolitisk begrunna investeringsstøtte er fastsatt av departementet og godkjent av ESA i henhold til EUs retningslinjer for regionalstøtte.

gruppeunntaksbestemmelsane i programma til NFD som del av den årlege rapporteringa til ESA.

4.2 Særskilte målgrupper

Departementet ber Siva halde fram arbeidet med å prioritere kvinner. Siva skal bidra til fleire kvinnelege entreprenørar, i tillegg til å få fleire kvinner inn i leiing og styre. Målet er at 40 prosent av dei direkte bedriftsretta verkemidla skal nå fram til kvinner.

5 Pågåande prosessar

5.1 Regionreform

Fylkeskommunane skal styrkast som regionale samfunnsutviklarar ved at det blir overført oppgåver og ansvar frå staten til fylkeskommunane frå 1. januar 2020, jf. Meld. St. 6 (2018–2019) Oppgaver til nye regioner. Fylkeskommunen skal styrkast i 2020 ved å få oppdragsgivaransvar for fleire verkemiddel som er med på å mobilisere og utvikle bedrifter og næringsmiljø i regionen, som næringshage-, inkubasjons- og mentorprogrammet, bedriftsnettverk og delar av etablerartilskotet. Departementet ber Siva samarbeide med relevante departement og fylkeskommunane om overføringa av oppdragiveransvaret som skjer innan 1. januar 2020.

Som varsla i meldinga, blir det gjennomført ein heilskapleg gjennomgang av det næringsretta verkemiddelapparatet. Gjennomgangen kan medverke til at ytterlegare oppgåver som kan styrkje fylkeskommunane si rolle i å mobilisere næringslivet til dei nasjonale og internasjonale FoU-verkemidla, blir flytta til fylkeskommunane.

Med helsing

Anne Karin Hamre (e.f.)
ekspedisjonssjef

Anne-Merete Halpern
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Vedlegg

Vedlegg 1 Retningslinjer for virkemiddelaktørens forvaltning av tilskudd over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett, kap. 550, post 70 og kap. 553, post 74

Vedlegg 2 Fordeling av løyving på programkategori 13.50

Vedlegg 3 Veileder til tall- og aktivitetsrapportering for Siva til KMD

Kopi

Akershus fylkeskommune
Aust-Agder fylkeskommune
Buskerud fylkeskommune
Distriktssenteret
Finnmark fylkeskommune
Hedmark fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Innovasjon Norge Hovedkontoret
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Nærings- og fiskeridepartementet
Oppland fylkeskommune
Oslo kommune
Riksrevisjonen
Rogaland fylkeskommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Telemark fylkeskommune
Troms fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune
Vest-Agder fylkeskommune
Vestfold fylkeskommune
Østfold fylkeskommune